

VIGER:
Hansen
Zorn-88 leier
det han voner
skal vera ein
nynazistisk
eliteorganisa-
sjon.

Bergens Tidende 25.9.81 s. 2.

Nynazistarane vinn talværen i Norge og sterke innvandringsmotet i landet.
Tysk-NSR 26.9.81
til minnemærke.



OSLO: Både gamle og nye nazistar er på farten og aktive i ein grumsete allianse av nazisme, rasisme og hat mot innvandrarar i Noreg. Dei er nok ikkje like mange i dag som rundt 1980, men ein del av dei mest aktive er viljuge til å gå svært langt i valdsbruk og terrorhandlingar. Ein må vere budd på at det kan kome nye valds- og terrorhandlinigar frå denne kanten.

Det hevdar journalist Finn Sjue overfor Bergens Tidende. Han har fylgt utviklinga innan denne rørsla med vaksamt blikk gjennom meir enn 15 år og er ein av dei som har best kjennskap til fenomenet i Noreg.

Sjue strekar under at det organiserte nazi-miljøet i Noreg talmessig er klart svakare i dag enn for eit 10-år sidan, og ein kan ikkje samanlikne styrken her i landet med det ein fekk sjå i den tysk-svenske TV-reportasjen frå Tyskland i går kveld.

Det same hevdar den tidlegare nynazisten Ole Kristian Brastad overfor

Bergens Tidende. Etter å ha sett fjernsynsprogrammet i går kveld uttalte han til BT at han ikkje ante at det var så ille i Tyskland. Han meiner at forholda i Tyskland ikkje kan overførast til Noreg.

Brastad vart i 1986 dømt til fem års fengsel for sprengninga av Nor-moskeen i Oslo i 1985. Han har seinare distansert seg klart frå handlingane og fortida si og er i dag aktiv i SV.

Ifylge Sjue er det ingen tvil om at mange gammalnazistar frå krigens dagar er aktivt med i fleire av dei ulike gruppene som finst her i landet, både som ideologar og inspiratorar. Somme er også med i direkte aksjonar.

Det same meiner Brastad. Eit viktig kontaktpunkt mellom gamle og nye nazistar er Institutt for Okkupasjons-historie som sidan kriga har arbeidd for å revidere historia og for sosialrehabilitering av landssvikdømde og gammalnazistar.

Den viktigaste gruppa nå er Zorn 88 som i hovudsak er eit Oslo og Austlandsfenomen. Denne gruppa er klassisk hitleristisk. Leiaren er Erik Rune Hansen frå Oslo. Denne gruppa er den fremste her i landet når det gjeld å omskrive eller revidere historia ved å fortelje at utryddinga av seks millionar jødar var rein bløff. Denne gruppa har nær kontakt med tilsvarende grupper i Sverige, Danmark og Tyskland. Her finst mange gamle og ein god del baade halvgamle og yngre medlemmer. I dag er dei truleg rundt 100 medlemmer. Sjølv hevdar dei å vere 250 medlemmer.

Nasjonalistisk Folkjeparti (NF) er det gamle «partiet» til Erik Blücher. På det meste var det 12-1300 medlemmer. Etter bombeåtaka mot 1. mai-toget i Oslo 1979 og sprengninga av Nor-moske i 1985, er gruppa desimert. Dag er det neppe meir enn 10-20 stykker att. Dei er klare Hitler-tihengarar.

Føraren er Runar Schau som også er generalsekretær i Norsk Irakkifor-
ening.

Den gruppa som gjer mest av seg i dag, er Boot Boys med Ole Krogstad frå Hokksund som den faktiske leiaren. Ein leiarskikkelse er også den tidlegare FN-soldaten Jan Holte. Denne gruppa har nær kontakt med den nazistiske Skin-head-rørsla. Gruppa er nå meir enn nokon gong innstilt på å slå hardt frå seg og er ivrige og aktive medhjelparar for Arne Myrdal. Gruppa tel 20-25 aktivistar og opptrer i kompaniskap med bombemannen Petter Kristian Kyvik, ifylge Finn Sjue.

Det går også klare liner til dei meir rasistiske og innvandrarfiendtlege partia eller organisasjonane som Nasjonaldemokratene, Fedrelandspartiet og Stopp Innvandringen. Mellom aktivistane her finst det ifylge Sjue også mange ny-nasistar.

VIDAR YSTAD / BT

Vi må hindre at både Rune Hansen og Myrdal blir fria

0.27.9.81